



Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	23.01.2008	006/08	Olav Mongstad

Saksansv.: Olav Mongstad	Arkiv: FA-A20	Arkivsaknr: 08/73 -1
--------------------------	---------------	----------------------

Høyring opplæringslova

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	14.01.2008	Høringsnotat nov. 07 6	Høringsnotat om forslag til endring i opplæringslova.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.01.2008	Dok21.doc	12768

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune støttar dei føreslegne endringane i opplæringslova som fylgja av dommen i EMD (Den europeiske menneskerettsdomstolen), om KRL-faget. Noreg er eit pluralistisk samfunn og kan ikkje ha ei undervisning som ikkje stettar krava den Europeiske menneskedomstolen set. Den nye ordlyden i § 2-3a, slår også fast den plikta skulen vil få til å informera om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa. Vi støttar denne endringa fordi dette vil føra til at skulen på ein klar og tydeleg måte må gi informasjon om kva innhald dei legg i faget. Denne plikta til informasjon gjer også foreldra si vurdering av eventuelle fritak meir reell.

Vi er og eining med å endra namnet på faget til religion, livssyn og etikk. Det namnet gir ein betre balanse i korleis dei ulike delane av faget vert vekta. Både det tidlegare namnet og slik faget var omtala i opplæringslova, innebar ei vekting av kristendommen framfor andre religionar. Dei endringane det er gjort framlegg om, støttar opp om dommen i EMD og gjer at faget vert eit fag der det er krav om ei balansert framstilling av alle religionar. Det er og viktig at etikk er tatt inn i namnet på faget.

Behandling i Formannskapet 23.01.2008:

Framlegg frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn:

Som høyringsinstans i samband med Kunnskapsdepartementet sine endringsforslag til KRL-faget vil austrheim kommune uttala fylgjande:

- Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med menneskerettserklæringa.
- Det kan verka som regjeringa går unødvendig lang i høve til domen i Den europeiske Menneskerettsdomstolen, når det gjeld å redusere kristendommen sin plass i faget.
- Austrheim kommune meiner lov og føreskrifter om faget tydeleg bør innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendommen, som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag dei siste tusen åra, framleis kan stå i ei særstilling i skulen si undervisning.
- Det eringen grunn til domen i å problematisere at eit land sin skule gjev ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega lande mest.

Framlegget frå rådmannen fekk 2 røyster (Ap og H) og framlegget frå Krf fekk 2 røyster (Krf og V). Framlegget frå rådmannen vart vedteke med ordføraren si dobbelrøyst.

FS-006/08 Vedtak:

Austrheim kommune støttar dei føreslegne endringane i opplæringslova som fylgja av dommen i EMD (Den europeiske menneskerettsdomstolen), om KRL-faget. Noreg er eit pluralistisk samfunn og kan ikkje ha ei undervisning som ikkje stettar krava den Europeiske menneskerettsdomstolen set. Den nye ordlyden i § 2-3a, slår også fast den plikta skulen vil få til å informera om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa. Vi støttar denne endringa fordi dette vil føra til at skulen på ein klar og tydeleg måte må gi informasjon om kva innhald dei legg i faget. Denne plikta til informasjon gjer også foreldra si vurdering av eventuelle fritak meir reell.

Vi er og eining med å endra namnet på faget til religion, livssyn og etikk. Det namnet gir ein betre balanse i korleis dei ulike delane av faget vert vekta. Både det tidlegare namnet og slik faget var omtala i opplæringslova, innebar ei vekting av kristendommen framfor andre religionar. Dei endringane det er gjort framlegg om, støttar opp om dommen i EMD og gjer at faget vert eit fag der det er krav om ei balansert framstilling av alle religionar. Det er og viktig at etikk er tatt inn i namnet på faget.

.....

Særutskrift sendt:

Dato: 28.01.2008

Det kongelige kunnskapsdepartement (postmottak@kd.dep.no)

Austrheim Kommune
Sign: [Signature]
5940 Austrheim
Tlf: 56 16 20 00 Fax: 56 16 20 01

1. Saka gjeld:

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring endringar i forskrift til opplæringslova på bakgrunn av dom i Den europeiske menneskerettedomstolen (EMD) mot KRL-faget. Høyringsfrist er 4. februar 2008. Departementet presiserer at det ikkje vert gitt utsett frist på uttale i høyringa. Saka vert derfor lagt inn til vedtak i formannskapet sidan neste kommunestyremøte er 6. februar.

2. Saksopplysningar:

Det vert føreslått å endra to av paragrafane:

Fritak frå aktivitetar m.m. i opplæringslova (opplæringslova § 2-3a)

Undervisninga i faget kristendoms-, religions-, og livssynskunnskap (opplæringslova § 2-4).

Det må understrekast at endringane i opplæringslova ikkje gjeld fagplanane i faget. Departementet grunnjev endringane men at dommen i EMD gjer at Noreg må gå over til å fastslå at KRL-faget ikkje skal gi kristendommen noko særstilling i faget, men at undervisninga i faget skal vera objektiv, kritisk og pluralistisk i samsvar med menneskerettane. Endringane understrekar at faget er eit ordinært fag, der innhaldet er fastsett i læreplanane som alle dei andre faga.

I tillegg er namnet på faget føreslått endra til religion, livssyn og etikk.

3. Vurdering:

Det vert vist til høyringsnotatet som ligg ved.

Endringa i § 2-3 a, gjeld kravet til fritak frå undervisning i faget. Tidlegare lovtekst sa at foreldre kunne søkja om fritak frå deler av undervisninga dersom dei utifrå eigen religion eller eige livssyn opplever emnet som utøving av ein annan religion eller livssyn enn den dei sjølv praktiserer. Erfaringsmessig har dette enkelte gonger vore konfliktfylt. I tillegg har nokre reagert på kvifor dei skal grunngi synspunkt på eigen religionsutøving. Derfor går det nye forslaget ut på at foreldre til barn under 15 år berre skal gi melding om fritak frå dei deler av undervisninga som dei opplever som utøving av ein annan religion eller livssyn.

I tillegg er det lagt inn eit ansvar for skulen om årleg å informera foreldra om reglane for fritak og om innhaldet i undervisninga.

Endringa i § 2-4 går ut på å følgja dommen i EMD og ikkje særleg framheva kristendommen framfor andre religionar og livssyn. I dagens lov står det:

§ 2-4. Undervisninga i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap

Undervisninga i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap skal

- gi grundig kjennskap til Bibelen og kristendommen som kulturarv
- gi grundig kjennskap til evangelisk-luthersk kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunn
- gi kjennskap til andre verdsreligionar og livssyn
- gi kjennskap til etiske og filosofiske emne
- fremje forståing og respekt for kristne og humanistiske verdiar
- fremje forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Den som skal undervise i kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, skal presentere kristendommen, dei ulike verdsreligionar og livssyn ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

Kunnskapsdepartementet føreslår å endra dette til:

§ 2-4. Undervisninga i faget religion, livssyn og etikk

Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i religion, livssyn og etikk skal bidra til forståing, respekt og evne til dialog mellom menneske med ulik oppfatning av trudoms- og livssynsspørsmål.

Den som skal undervise i religion, livssyn og etikk, skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte ut frå deira eigenart. Dei same pedagogiske prinsippa skal leggjast til grunn for undervisninga i dei ulike emna.

EMD har særleg påpeika at dagens lovtekst nyttar ordet grundig kjennskap til kristendommen, medan dei andre religionane skal elevane få kjennskap til. Dette er i strid med den europeiske menneskerettskonvensjonen slår EMD fast. Det vert elles vist til vurderingane i skrivet frå departementet som ligg ved.

Rådmannen er einig i at Noreg ikkje kan praktisera ei religionsundervisning som kjem i konflikt med menneskerettskonvensjonen som vi som nasjon har underskrive.

4. Konklusjon:

Rådmannen tilrår formannskapet å vedta fylgjande uttale.

Austrheim kommune støttar dei føreslegne endringane i opplæringslova som fylgja av dommen i EMD om KRL-faget. Noreg er eit pluralistisk samfunn og kan ikkje ha ei undervisning som ikkje stettar krava den Europeiske menneskedomstolen set. Den nye ordlyden i § 2-3a, slår fast den plikta skulen vil få til å informera om reglane for fritak og om innhaldet i opplæringa. Vi støttar denne endringa fordi dette vil føra til at skulen på ein klar og tydeleg måte må gi informasjon om kva innhald dei legg i faget. Denne plikta til informasjon gjer også foreldra si vurdering av eventuelle fritak meir reell.

Vi er og eining med å endra namnet på faget til religion, livssyn og etikk. Det namnet gir ein betre balanse i korleis dei ulike delane av faget vert vekta. Både det tidlegare namnet og slik faget var omtala i opplæringslova, innebar ei vekting av kristendommen framfor andre religionar. Dei endringane som det er gjort framlegg om støttar opp om dommen i EMD og gjer at faget vert eit fag der det er krav om ei balansert framstilling av alle religionar. Det er og viktig at etikk er tatt inn i namnet på faget.